



Amalie Hovden Rød og Hanna Tvilde, begge 16 år, i resepsjonen på Rabben Feriesenter.

**Uskedalen.no held fram serien Sommarjobben min. Dette innlegget handlar om Amalie Hovden Rød og Hanna Tvilde, begge 16 år og nett ferdige som elevar på Rosendal ungdomsskule. Amalie og Hanna har vore ekstrahjelp på Rabben Feriesenter frå påsketider og framover. Begge vart spurde om å vera sommarhjelp, noko dei er svært glade for.**

Det er fyrste fullverdige sommarjobben med kontrakt frå april til ut i september månad. Arbeidsoppgåvene er varierte og interessanne. Dei går ein form for turnus og må ta alt av arbeid som høyrer til det å drifta eit feriesenter. Det vil sei at sjefen, Magne Heggøy, har ansvaret for båtane, utleige og tilsyn.



Vask og reinhald er ein viktig del av sommarjobben på Campingen.

Vakt i resepsjonen er ein del av jobben. Her går det på engelsk og litt tysk. Verre er det dersom dei tilreisande berre snakkar tysk, men det går fint og alle får den hjelp dei bed om. Vertsskapsrollen er viktig. Det å vera blid og høfleg i sin veremåte er viktig uansett. Resepsjonen er også kiosk her ein mellom anna sel Bergen Fjellklatrarklubb sin Fjellfører til Ulvanoso og Eikedalen. Mange spør etter kart og informasjon om høvelege dagsturar.

Reinhald, rydd og orden står på abeidsplanen kvar dag. Der gjeld utvask av hytter og dagleg reinhald av alle toalett og dusjar.

Amaile og Hanna trivst i jobben. Alle hyttene er i bruk og det er mange gjester i område. Møte med menneske frå ulike land er alltid inspirerende og sommarjobben på Campingen er eit påfyll før ein tek til på Kvinnherad vidaregåande skule, på allmennfag i august måned.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Amalie gjer klar ei hytte til nye gjester.